

Referat frå styremøte nr. 2 -2016

Dato: 08.04.2016

Tid: Kl. 09.00 – 12.30

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Anders Riise, Hareid kommune
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune
Styremedlem Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune
Styremedlem Astrid Eidsvik, Ålesund kommune
Styremedlem Synnøve Synnes, Ørskog kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Andre:

Konsulent Jan Petter Eide, Ålesund Kunnskapspark AS
Kommunalsjef Liv Stette, Ålesund kommune

Referent: Vegard Sperre Austnes

Referatdato: 14.04.2016

Sak 10/2016: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Anders Riise

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Møteinnkallinga vart godkjent.

Saker til eventuelt var 1. Henvending frå ordføraren i Sogndal kommune med ønskje om å møte styret i Sunnmøre Regionråd 2. Meld. St. 22 om regionreforma 3. Val av nytt styremedlem i 110-sentralen pga. krav til kjønnsbalanse. 4. Førespurnad frå Ålesund Kunnskapspark om støtte til LEGASEA (biomarin industriklynge). 5. MOT i vidaregåande skule. 6. Kollektivtilbodet i fylket og busstilbodet i Vanylven.

Sak 11/2016: Godkjenning av referat frå forrige styremøte (nr. 1 – 2016)

Ved styreleiar Anders Riise

Det var ingen merknadar til referatet frå forrige styremøte.

Sak 12/2016: Strategi for Sunnmøre Regionråd 2016 - 2019

Ved styreleiar Anders Riise

Representantskapet i Sunnmøre Regionråd gjorde i møte 1-2016 følgjande vedtak: «Representantskapet vedtek strategien i samsvar med framlagt dokument. Styret får fullmakt til å gjere endringar i samsvar med signal gitt i møtet. Strategien med innarbeidde endringar vert lagt fram på neste representantskapsmøte.»

Signal gitt i representantskapsmøtet var at:

- visjonen bør endrast, nytt forslag var «Saman lyftar vi Sunnmøre inn i framtida»
- slagordet bør endrast, nytt forslag var «Vekst og utvikling gjennom samarbeid»
- regionrådet må sjå si rolle som koordinator i høve til andre aktørar (t.d. næringsliv, utdanningsinstitusjonar og byregionprosjekt) slik at ein får til ei felles koordinert satsing
- energi og klima må nemnast
- omstilling som verktøy bør takast inn i strategien
- ein må finne ein ny modell for å arbeide med samferdsel, jf. tidlegare arbeid gjennom Sunnmøre Veginvest

Administrasjonen hadde i sitt framlegg til styremøtet teke inn i selskapsstrategien ei formulering om energi og klima i eit nytt punkt 2.6: «Fokus på moglegheiter innan grøen energi, i dette ligg både energieffektivisering og fornybar energi».

Styret gjorde ikkje ytterlegare endringar i strategien.

Vedtak: Styret vedtek å lande arbeidet med strategien i dette møtet.

Styret ba administrasjonen sende strategien til deltakarkommunane i eit format som kan hengjast opp.

Sak 13/2016: Årsmelding og rekneskap 2015

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Årsmelding og rekneskap vart sendt ut til møtet. Rekneskapen viser eit overskot i 2015 på kr. 112.357,-.

Vedtak: Styret godkjenner samrøystes årsmeldinga og rekneskapen for 2015 utan merknadar. Styret innstiller overfor representantskapet på å vedta årsmeldinga og rekneskapen for 2015.

Sak 14/2016: Orienteringssak – Sunnmøre Regionråd vert ansvarleg for sekretærfunksjonen for Lokale samhandlingsutval ved sjukehuset i Volda og sjukehuset i Ålesund

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre Regionråd er jf. Delavtale 12 (vedlagt) til Samhandlingsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane vorte ansvarleg for sekretærfunksjonen for Lokalt samhandlingsutval i Volda sjukehusområde og Ålesund sjukehusområde.

Lokale samhandlingsutvalg er partssammensette utval mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane i Møre og Romsdal. Utvala skal ha minimum 2 møter pr. år. Første møte i 2016 er beramma til 28. april (Volda sjukehusområde) og 2. mai (Ålesund sjukehusområde).

Jf. punkt 4.2 i Delavtale 12 til Samhandlingsavtalen er utvala sine oppgåver:

- «1. Iverksette godkjent kompetanseplan.
- 2. Medvirke til utvikling og spredning av lærings- og mestringstiltak i kommunehelsetjenesten.
- 3. Iverksette lokal implementering av faglige retningslinjer og pasientforløp mellom helseforetaket og kommune-helsetjenesten.
- 4. Arbeide aktivt for en felles kultur for læring, forbedring og fagutvikling.
- 5. Ansvarlig for å arrangere faste samarbeidsmøter mellom sykehuset og kommunene.
- 6. Bidra til utvikling av og spre gode modeller for samhandling.
- 7. Ha en oppdatert oversikt over ulike samhandlingsprosjekt i sitt nedslagsfelt.
- 8. Utveksle gjensidig kunnskap om de utfordringene tjenestene står overfor.
- 9. Holdes orientert om årlig status på avvik og avviksregistrering. Motta til orientering oversiktsrapport over avvik i samhandlingsområdet.
- 10. De lokale samhandlingsutvalg skal holde Overordnet samhandlingsutvalg orientert om sin virksomhet/faglige utfordringer i samhandlingsområdet.»

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 15/2016: Nynorsk og kommunereform

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Representantskapet i Sunnmøre Regionråd konkluderte i representantskapsmøte nr. 1-2016 at målform skulle takast opp i styret. Bakgrunnen var at Sunnmøre Mållag deltok i møtet og argumenterte for at nynorsk må få ein sentral plass i det vidare utgreiingsarbeidet om kommunereform på Sunnmøre og delar av Romsdal.

Frå representantskapet vart det kommentert at det å vere språknøytral har sine konsekvensar. Nokre meinte at regionrådet burde oppmode om å velje nynorsk.

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har sidan møtet i representantskapet kome med tilråding til fylkestinget (møte 11.-12.april) om nynorsk som administrasjonsspråk. Kommunane har for sin del vurdert målform i samband med dei nyleg inngåtte intensjonsavtalane om kommunesamanslåing.

Vedtak: Administrasjonsspråket i Sunnmøre Regionråd er nynorsk.

Sak 16/2016: Vidareføring av prosjektet Innovasjon som strategi. Ved Jan Petter Eide, Ålesund Kunnskapspark AS

Sunnmøre Regionråd har vore med om dette prosjektet. Prosjektrapporten vart sendt ut til møtet. Eide tok opp om erfaringar frå samspel i privat næringsliv kan overførast til offentleg sektor. Næringslivet på Sunnmøre er kjent for å lære av kvarandre (ha eit ope innovasjonssystem). Eide viste til at innovasjon kan definerast som nytt + nyttig + nyttiggjort.

Han trakk fram næringslivet som det unike med Sunnmøre. Eide viste til at regionen si evne til å utvikle nye drivarar for vekst vert avgjerande for om regionen skal vinne i framtida. Han presenterte eit rammeverk for samfunnbygging med organisatoriske koplingar mellom omgrepa innovasjon, entreprenørskap, relasjonsbygging og timing.

Styret ba om at Eide sin presentasjon i møtet, samt samarbeidsavtalen mellom Sunnmøre Regionråd og Ålesund Kunnskapspark AS, vart lagt ved møtoreferatet.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

Sak 17/2016: Kommunane sitt ansvar frå 2017 for ø-hjelp døgntilbod for pasientar og brukarar med psykiske lidingar og rusmiddelproblem. Ved Liv Stette, kommunalsjef i Ålesund kommune og leiar av samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd

Frå 1.januar 2017 skal kommunane tilby ø-hjelp døgntilbod for pasientar innan psykisk helse og rus.

Pasientgruppa med psykiske lidningar og rusmiddelproblem treng som regel spesialisert hjelp, og det kan synest uklart kven innanfor desse pasientgruppene som kan nytte det ordinære kommunale ø-hjelpstilbodet.

Sunnmøre Regionråd har vore i kontakt med Helsedirektoratet for å invitere dei hit for å informere. Svaret deira vart sendt ut til styremøtet. Dei arbeider med ein rettleiar til kommunane som vert klar til sommaren, og vil først kome hit til hausten for å informere.

Det er meldt bekymring om at det er lite informasjon og debatt om saka, at oppgåvene ikkje er avklara og at det vert lite tid til å førebu tilboda.

Samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd har drøfta saka. Det er teke kontakt med KS for å høyre kva dei tenkjer. Liv Stette hadde til styremøtet utarbeidd eit forslag til brev til Helse- og omsorgsdepartementet.

Vedtak: Styret ber (med atterhald om tilbakemelding frå KS) administrasjonen sende brev i saka til Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 18/2016: Høyring om Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029. Ved dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal og rådmann i Ålesund kommune Astrid Eidsvik

Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029 er på høyring med frist 01.07.2016. Fylkeskommunen har sett frist 14.04.16 for å motta innspel.

Styret bestemte seg for å sende innspel til den fylkeskommunale høyringa. I møtet vart ulike samferdselsprosjekt som bør vere med i eit slikt innspel drøfta. Det vart sagt at ein må styrke kunnskapen om lufttransport og sjøtransport i tillegg til vegtransport.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande. Administrasjonen og styreleiar lagar forslag til uttale til den fylkeskommunale høyringa med frist 14.04.16. Forslaget vert å sende til styret på epost. Sunnmøre Regionråd sender høyringssvar til den nasjonale høyringa via representantskapet innan fristen 01.07.2016.

Sak 19/2016: Eventuelt. Det var 6 saker til eventuelt:

1. Henvending frå ordføraren i Sogndal kommune med ønskje om å møte styret i Sunnmøre Regionråd. Temaet er samferdsel. Styret var samde om å invitere ordføraren i Sogndal kommune til neste styremøte 12. mai. Svein Sunde frå Gode Vegar As vert også invitert til møtet.

2. Meld. St. 22 om regionreforma. Regionreforma vart diskutert. Det vart sagt at ein i utgangspunktet må prøve å halde på Nordvestlandet som begrep. Styret var samde om å ha dialog med andre regionar i saka, både i og utanfor eige fylke. Ein har merka seg at både Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer dialog med Sunnmøre Regionråd.

Det vart uttrykt eit ønskje om at Møre og Romsdal fylkeskommune tek ein nabopratt. Teamet som arbeider med kommunereforma i administrasjonen i regionrådet vart bedne om å også sjå på regionreforma.

3. Val av nytt styremedlem i 110-sentralen pga. krav til kjønnsbalanse.

Styret meinte at Sunnmøre sin representant i styret i 110-sentralen, Jan Ove Tryggestad, bør halde fram. Vidare meinte styret at utskifting for å stette kravet til kjønnsbalanse bør skje ved å skifte ut Romsdal eller Nordmøre sin representant.

4. Førespurnad frå Ålesund Kunnskapspark om støtte til LEGASEA (biomarin industriklynge). *Vedtak:* Styret sender støtteerklæring om LEGASEA..

5. MOT i vidaregåande skule. Det vart drøfta om Sunnmøre Regionråd kan ha ein funksjon i høve til MOT-arbeidet i kommunane. *Vedtak:* Styret sender saka over til rådmannsgruppa i regionrådet for ei vurdering.

6. Kollektivtilbodet i fylket og busstilbodet i Vanylven. Ein opplever vanskar med å nytte buss som transportmiddel både i Vanylven og andre kommunar, mellom anna pga. få avgangar og manglande tilbod. Styret landa på å ta kollektivtilbodet i fylket opp til drøfting med fylkeskommunen.